

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

## Innkalling til møte i Kontrollutval - Flora kommune

Utval: Kontrollutval - Flora kommune  
Møtedato: 27.04.2012  
Møtetid: 09:30  
Stad: Møterom: Ytterøyane (Samfunnshuset).  
Møtenr.: 5/2012  
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Rådmannen (sak 35 - 38/12). Revisor (sak 35 - 37/12).  
Melding til: Ordførar(møterett), revisor (møterett) og varamedlemer (Varamedlemer møter etter nærmare innkalling).  
Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 951 39 762 eller på e-postadresse: [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no).

### SAKLISTE

- 033/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.
- 024/12 Skriv og meldingar.
- 035/12 Årsrekneskapen 2011 – Innvandrarsenteret KF.
- 036/12 Årsrekneskapen 2011 – Allhuset i Eikefjord.
- 037/12 Årsrekneskapen 2011 – Flora kjøkkenservice KF
- 038/12 Orientering om tilsettingstilhøve (**ikkje offentleg**).
- 039/12 Kontrollutvalsmøte ute i einingane.
- 040/12 Oppfølgingsliste 4-2012 – Flora.
- 041/12 Eventuelt.

Flora, 20.04.2012.

Bjarne Holme (s)  
Leiar

  
Vidar Øvrebø  
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	<a href="mailto:post@sekom.no">post@sekom.no</a>	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

## 033/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
Dato: 19.03.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.04.2012	033/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

## 034/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebøt. SEKOM- sekretariat  
Dato: 19.04.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.04.2012	034/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyre	-	-	-	Nei

### Saksvedlegg

- SM 25-12 Tilsynsrapport frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane – Tilsyn etter barnehagelova, datert 13.03.2012
- SM 26-12 Vedtak bystyresak 026/12 Revisjonsrapport 26/11 – søkelys på indre kontrollrutiner – Flora omsorgssenter.
- SM 27-12 Vedtak bystyresak 029/12 – Revisjonsrapport 027/11 - Anskaffelsar og prosjektstyring i Flora kommune.
- SM 28-12 Vedtak bystyresak 028/12 – Rapport om eigarskapskontroll – alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS – Flora kommune.
- SM 29-12 Brev frå KRYSS-revisjon til Helsedirektoratet – Rapportering tal personar med psykisk utviklingshemming pr 01.01.2012 – Revisjonsuttale, datert 11.04.2012.
- SM 30-12 Brev frå KRYSS-revisjon til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane – Revisjonsuttale – Rapportering middelbruk tilskotsmidlar lågterskel-tilbodet Loftet til rusavhengige, 1401 Flora, datert 30.03.2012.
- SM 31-12 E-post frå KRYSS-revisjon – «Rådmann sine kommentarar til høyringa», datert 19.04.12.
- SM 32-12 Revisjonsberetning - Uttalese om årsrekneskapet for Kinn Kyrkjelege Felle råd 2011, datert 21.03.2012.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

## **SKRIV OG MELDINGAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

### **Saksopplysningar:**

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

SM 25-12



**FYLKESMANNEN  
I SOGN OG FJORDANE**

Sakshandsamar: Bodhild Therese Cirotzki  
Telefon:  
E-post: fmsfboc@fylkesmannen.no

Vår dato  
13.03.2012  
Dykkar dato

Vår referanse  
2011/5054 - 611  
Dykkar referanse

Flora kommune  
Markegata 51  
6900 Florø

**Flora kommune - tilsyn etter barnehagelova**

Vedlagt følgjer tilsynsrapport etter tilsyn 16.02.12

Med helsing

Åslaug Krogsæter  
utdanningsdirektør

Bodhild Therese Cirotzki  
rådgjevar

Vedlagt: Tilsynsrapport

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 65 33 02  
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:  
fmsfpost@fylkesmannen.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/sfj

**TILSYN med Flora kommune – rapport**

---

Flora kommune  
Markegata 51  
6900 Florø

Fylkesmannen si tilsynsgruppe:  
Bodhild Therese Cirotzki - revisjonsleiar  
Berit Rygg – revisor

Kontaktperson i kommunen:  
barnehagefagleg konsulent Runa Hatlenes Nybakk

Regelverk:

- Lov om barnehagar
- Rammeplan for barnehagen
- Forvaltningslova

Tilsynet omhandla følgjande emne:

- Kommunen som godkjenningssmyndigheit jf. barnehagelova §§ 10 og 11 jf. barnehagelova §§ 1 og 2
- Kommunen sitt tilsyn med barnehagane, jf. barnehagelova § 16
- Kommunen si handtering av regelverket om styrar og pedagogisk bemanning, pedagognorm, dispensasjonar og organisering av styrarressursen, jf. barnehagelova §§ 17 og 18
- Barnehagelova § 19 Politiattest

Fylkesmannen avdekka ingen avvik under tilsynet og har ingen merknader.

Dato, 13.03.12

Bodhild Therese Cirotzki, revisjonsleiar

Berit Rygg, revisor

**Innhald:**

Innleiing  
Tema for tilsyn  
Dokumentunderlag  
Avvik  
Merknad  
Andre tilhøve  
Oversikt over dokument i saka  
Gjennomføring  
Deltakarar ved fylkesmannen sitt tilsyn

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn med Flora kommune 16.02.12. Tilsynet er ein del av Fylkesmannen sine pålagde tilsyn gjeve i oppdrag frå Utdanningsdirektoratet.

Tilsynet fokuserer på om kommunen oppfyller krav innanfor nemnde emne. Rapporten omtalar avvik som vart avdekka under tilsynet, og eventuelle merknader som vart gjevne. **Rapporten gjev såleis ikkje ei fullstendig tilstandsvurdering av kommunen som barnehagemynde.**

Formålet med tilsynet var å vurdere om Flora kommune har tilfredsstillande styring i forhold til regelverket. Tilsynet omfatta m.a. undersøking om:

- aktivitetar vart utførte slik som skildra og uttalt
- kommunen driv verksemda innanfor dei rammer som myndigheitene har sett

Tilsynet vart gjennomført ved gransking av dokument, ved intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar og instruksar blir følgt opp i praksis.

- AVVIK er mangel på oppfylling av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.

- MERKNAD er eit forhold som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik, men der tilsynet med utgangspunkt i krav frå myndigheitene avdekkjer eit forbettringspotensiale.

### **Dokumentunderlag**

Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn:

- organisasjonskart for kommunen
- delegasjonsreglement for kommunen
- kommunen si årsmelding eller tilsvarande
- årsrapport for barnehageområdet
- kommunale planar som beskriv barnehageområdet
- oversikt over gjennomførte tilsyn eller plan for tilsyn
- tilsynsrapportar
- verksemdsplan og årsplan for barnehagane som er med i tilsynet
- dokumentasjon frå barnehagane som er med i tilsynet som viser oversikt over bemanning og barnegrupper slik dei er i dag
- vedtekter for dei fire aktuelle barnehagane
- godkjenningssdokument for alle barnehagane i kommunen
- kopi av søknad og kommunen si handsaming av søknad om dispensasjon frå utdanningskravet til styrar/pedagogisk leiar (dei tre siste)
- andre dokument som kommunen meiner er relevante for tilsynet



**Gjennomføring**

Tilsynet omfatta følgjande aktivitetar:

Varsel om tilsyn vart utsend 21.11.11.

Kommunen sin frist for innsending av dokumentasjon var sett til 26.01.12.

Opningsmøte vart gjennomført 16.02.12

Det vart utført intervju med seks personar 16.02.12.

Sluttmøte vart gjennomført 13.03.12.

**Oversikt over personar i kommunen som var direkte involverte i tilsynet.**

Tabellen under viser ei oversikt over deltakarane frå kommunen.

Namn	Funksjon	Opningsmøte	Intervju	Oppsummering	Sluttmøte
Runa Hatlenes Nybakk	Barnehage-fagleg konsulent	X	X	X	X
Heidi Grande Røys	Styrar Havrenes barnehage	X	X	X	X
Gro Hovland	Styrar Nyheim-vegen barnehage	X	X	X	X
Øivind Monsen	Rektor Torvmyrane skule og barnehage	X	X	X	X
Sissel Brunsvik	Inspektør Torvmyrane skule og barnehage	X	X	X	X
Kristin Hessevik	Styrar Furuhaugane barnehage	X	X	X	X
Anita Sunde	Styrar Sørstrand barnehage	X	X	X	X

Frå fylkesmannen deltok Berit Rygg og Bodhild Therese Cirotzki

SM 26-12



FLORA  
KOMMUNE

---

**Saksgang**  
Bystyret

**Møtedato**  
13.03.2012

**Saksnr**  
028/12

**Sakshandsamar:**  
Terje Heggheim

**Arkiv:** K1-230, K2-H01  
**Objekt:**

**Arkivsaknr**  
11/175

## **REVISJONSRAPPORT 026/11 - SØKELYS PÅ INDRE KONTROLLRUTINER - FLORA OMSORGSSENTER**

### **Kva saka gjeld:**

Revisjonsrapport som gjeld indre kontrollrutiner i samband med tildeling av plass, fastsetting, avrekning og innkreving av eigenbetaling for pensjonærar i heildøgns omsorg og pleie ved Flora omsorgssenter.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Revisjonsrapporten frå KRYSS-revisjon vert teken til vitande slik den ligg føre.

**13.03.2012 BYSTYRET**

### ***Røysting:***

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

### **BYST-028/12 VEDTAK:**

Revisjonsrapporten frå KRYSS-revisjon vert teken til vitande slik den ligg føre.

Terje Heggheim  
Rådmann

**Vedlegg: Revisjonsrapport frå KRYSS-revisjon.**

SM 27-12



FLORA  
KOMMUNE

**Saksgang**  
Bystyret

**Møtedato**  
13.03.2012

**Saksnr**  
029/12

**Sakshandsamar:**  
Terje Heggheim

**Arkiv:** K1-601, K1-216, **Arkivsaknr**  
K3-&40 11/920  
**Objekt:**

## REVISJONSRAPPORT 027/11 - ANSKAFFELSAR OG PROSJEKTSTYRING I FLORA KOMMUNE

### **Kva saka gjeld:**

Revisjonsrapport frå Sekom-sekretariatet og Kryss-revisjon om anskaffelsar og prosjektstyring i Flora kommune.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Revisjonsrapporten om anskaffelsar og prosjektstyring vert teken til vitande slik den ligg føre.

**13.03.2012 BYSTYRET**

### ***Framlegg:***

**Framlegg frå Repr.Frank Willy Djuvik,FRP:**

1. Revisjonsrapporten om anskaffelsar og prosjektstyring vert teken til vitande slik den ligg føre.
2. Bystyret ber administrasjonen følge tilrådingane i rapporten.
  - a) Flora kommune må sikre at regelverket for offentlege anskaffelsar blir følgd. Dette gjeld spesielt rettsreglane som konkurranseeksponering.
  - b) Flora kommune må syte for at interne rutinar for prosjektgjennomføring blir følgd av tilsette, og at rutinane er i samsvar med beste praksis på området.
  - c) Flora kommune bør vurdere om noverande ordlyd i eksisterande prosjektstyringshandbok er hensiktsmessig og tilstrekkelig, og om noverande rapporteringsrutinar er hensiktsmessige og tilstrekkelige.

### ***Røysting:***

Framlegget frå Djuvik,FRP vart samrøystes vedteke.

**BYST-029/12 VEDTAK:**

1. Revisjonsrapporten om anskaffelsar og prosjektstyring vert teken til vitande slik den ligg føre.
2. Bystyret ber administrasjonen følgje tilrådingane i rapporten.
  - a) Flora kommune må sikre at regelverket for offentlege anskaffelsar blir følgt. Dette gjeld spesielt rettsreglane som konkurranseeksponering.
  - b) Flora kommune må syte for at interne rutinar for prosjektgjennomføring blir følgt av tilsette, og at rutinane er i samsvar med beste praksis på området.
  - c) Flora kommune bør vurdere om noverande ordlyd i eksisterande prosjektstyringshandbok er hensiktsmessig og tilstrekkelig, og om noverande rapporteringsrutinar er hensiktsmessige og tilstrekkelige.

Terje Heggheim  
Rådmann



**Saksgang**  
Bystyret

**Møtedato**  
13.03.2012

**Saksnr**  
030/12

**Sakshandsamar:**  
Terje Heggheim

**Arkiv:** K1-026, K2-M70 **Arkivsaknr**  
**Objekt:** 10/777

## **RAPPORT OM EIGARSKAPSKONTROLL - ALARMSENTRALEN I SOGN OG FJORDANE IKS - FLORA KOMMUNE**

### **Kva saka gjeld:**

Rapport frå SEKOM-sekretariatet om eigarskapskontroll ved Alarmsentralen i Sogn og Fjordane.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Saka vert teken til vitande og punkta frå Kontrollutvalet om å utarbeide eigarskapsmelding vert følgd opp.

### **13.03.2012 BYSTYRET**

#### ***Framlegg:***

Repr.Frank Willy Djuvik,FRP tok opp kontrollutvalet si tilråding.

Repr.Odd Bovim,V gjorde framlegg om å utsette saka.

Repr.Gustav Johan Nydal,KRF bad om at gruppeleiarane kunne ta eit kort møte å sjå på eit evt. fellesframlegg.

Bovim trakk sitt framlegg.

Etter eit kort gruppeleiar møte trakk Djuvik sitt framlegg og Repr.Gustad Johan Nydal,KRF la fram slikt **fellesframlegg:**

1. Saka vert teken til vitande.
2. Bystyret ber om at det vert lagt fram ei sak om utarbeiding av eigarskapsmelding, der bystyret får høve til å definere innhald og framdriftsplan.

#### ***Røysting:***

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

**BYST-030/12 VEDTAK:**

1. Saka vert teken til vitande.
2. Bystyret ber om at det vert lagt fram ei sak om utarbeiding av eigarskapsmelding, der bystyret får høve til å definere innhald og framdriftsplan.

Terje Heggheim  
Rådmann

**Vedlegg:** 056/10 Rapport eigarskapskontroll Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS – Flora kommune.

Helsedirektoratet  
 Divisjon primærhelsetenester, avd. omsorgstenester  
 Postboks 7000 St.Olavs plass  
 0130 OSLO

Dykkar ref.: Rskr IS-3/2012 av 050112	Vår ref.: F/trine/Flora/	Arkivkode: 216	Journalnr.: 044/2012	Dokumentdato: 11.04.2012
--	-----------------------------	-------------------	-------------------------	-----------------------------

## RAPPORTERING TAL PÅ PERSONAR MED PSYKISK UTVIKLINGSHEMMING I FLORA KOMMUNE PR. 01.01.2012 – REVISJONSUTTALE.

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingar som er avtala med Dykk og som er lista opp nedanfor. Vårt oppdrag er utført i samsvar med revisjonsstandard "ISRS 4400 – Avtalte kontrollhandlingar". Handlingane er utført for å bistå Dykk i vurderinga av riktigheita av om rapporterte tal på personar med psykisk utviklingshemming som er tildelt tenester etter Lov om sosiale tenester §§4-2 eller 4-3 og/eller lov om Helsetenesta i kommunane §1-3, 2.ledd nr. 4 og 6 (heimesjukepleie, sjukeheim og buform med heildøgns omsorg og pleie) er rette.

Vi har kontrollert alle personar med psykisk utviklingshemming i aldersgruppa 34 - 49 år og i tillegg eit tilfeldig utval personar med psykisk utviklingshemming, mot saksmapper i arkivet, og kontrollert om:

- a) det i den einskilde person si saksmappe ligg ved eit dokument som seier at personen er psykisk utviklingshemma, og at det går fram kven som har uttala dette.
- b) den einskilde person er gruppert i rett alderskategori i registeret.
- c) at personar som tek i mot tenester som vert gjeve i og/eller av ein annan kommune ikkje er tekne med i talet. Dersom desse er talde med, skal det ligge føre dokumentasjon på at oppholdskommunen ikkje registrerer vedkommande.
- d) den einskilde person si saksmappe med oppgjeve saksnummer inneheld eit "enkeltvedtak" som gjeld pr. 31.12.2011, og som viser at personen er tildelt tenester etter nemde lover.
- e) den einskilde person er registrert i IPLOS.
- f) personar som dannar grunnlaget for vertskommunetilskot i ein kommune er halde utanfor.
- g) den einskilde person ikkje bur ved ein av Landsbystiftelsen sine institusjonar.

Gjennom vårt arbeid har vi ikkje komme over eller registrert særskilde forhold som det må takast omsyn til. Vårt arbeid har ikkje avdekkja vesentlege feil eller avvik.

Sidan dei ovanforståande kontrollhandlingane korkje utgjør revisjon eller begrensa revisjon i samsvar med revisjonsstandardane, gjev vi ikkje uttrykk for noko sikkerheit for at informasjonen ikkje kan innehalde vesentlege feil. Dersom vi hadde utført tilleggshandlingar

eller hadde gjennomført ordinær revisjon eller begrensa revisjon i samsvar med revisjonsstandardane, kunne andre forhold ha komme til vår kunnskap og vorte rapportert til dykk.

Vår uttale er utelukkande utarbeidd for det føremålet som er beskrive i første avsnitt, og skal ikkje brukast til noko anna føremål. Uttalen er kun meint å skulle distribuerast til Helsedirektoratet.

Florø 11. april 2012

Med helsing

  
Trine Vokuhl  
Kommunerevisor 1

**KRYSS REVISJON**  
KOMMUNEREVISJONEN I  
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Kopi:

Flora kommune v/Rådmannen

Flora kommune v/Ordføraren

Flora kommune v/Pleie- og Omsorgssjefen

Flora kommune v/økonomisjefen

Flora kommune v/Kontrollutvalet



**X skal fyllast ut  
Skjema opplysninger**

**Tal på personar med psykisk utviklingshemming i kommunen pr. 31.12.2011\***

Skjemaset skal fyllast ut i samsvar med rundskriv IS-3/2012, og brukas som grunnlag for elektronisk rapportering innan **18. 4. 2012**: <https://nettpost.helsedirektoratet.no>

(Skjemaset og revisjon fråsegn skal gjerast tilgjengeleg for Helsedirektoratet ved etterspurnad)

Tal på personer med psykisk utviklingshemming 31. des. 2011	
	16 år og over 31.12.2011
X	50
Tal på personer med psykisk utviklingshemming 31. des. 2011, <b>etter revisjon</b>	
	16 år og over 31.12.2011
X	53

Kommunenr.:	X
4 siffer (eks. 0111 – 3333)	1401
Kommunenamn:	X Flora kommune
Adresse:	X
Kontaktperson:	X Trude Gulbranson
Telefon:	X
E-post adresse:	X trude.gulbranson@flora.kommune.no

Det blir med dette stadfesta at kommunen har eit register over personar med psykisk utviklingshemming som mottok tenester, er registrerte i kommunes sakssystem som grunnlag for uttrekk til IPLOS og har enkeltvedtak gyldig 31.12. 2011, med heimel i lov om sosiale tenester §§ 4-3 og 4-2 og/eller etter lov om helsetenesta i kommunane §1-3 andre lekk nr. 4 og 6. Det blir og stadfesta at oppgitt tal på personar med psykisk utviklingshemming pr 31.12. 2011 er i samsvar med dei retningsliner som er gitt i Rundskriv IS-3/2012, derunder revisjon.

X.....  
(Rådmann, administrasjonssjef, evt. etatsjef).

X <sup>11/4-12</sup>.....  
Revisor



SM 30-12



Dagleg leiar/  
Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27  
[terje.forde@kryssrevisjon.no](mailto:terje.forde@kryssrevisjon.no)  
[postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)  
Bank: 3705.08.27845  
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
6863 Leikanger

Kopi: Rådmannen i Flora  
Økonomisjefen  
NAV Flora  
Kontrollutvalet

Dykkar ref.:  
Rekneskap/tilskott 2011

Vår ref.:  
F:\WTrine/flora/rev 2011.

Arkivkode:  
216

Journalnr.:  
042/2012

Dokumentdato:  
30.3.2012

## Revisjonsuttale – Rapportering middelbruk tilskotsmidlar lågterskel-tilbodet Loftet til rusavhengige, 1401 Flora

Vi har utført revisjonen i henhold til god kommunal revisjonsskikk og avgjev vår uttale i samsvar med revisjonstandard ISA 800 – ”Revisors uttalelser ved revisjonsoppdrag med spesielle formål”, vedtekte av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krev at vi planlegg og utfører revisjonen for å oppnå betryggjande sikkerheit for at:

- prosjektet/tiltaket/aktivetsrapporteringa ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon;
- bruken av prosjektmidlane er i samsvar med opprinneleg budsjett i søknad 31.01.11 og for øvrig i tråd med dei kriteria som går fram av Fylkesmannen sitt tilsagnsbrev av 15.08.2011 (referanse 2010/15131 - 720)
- oppstillinga ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Vi har kontrollert

- utvalde delar av materialet som underbyggjer informasjonen i regnskapsrapporteringa
- vurdering av dei nytta rekneskapsprinsipp og vesentleg rekneskapestimat, samt vurdering av innhaldet i og presentasjonen av rapporteringa
- kontroll av utvalde delar av materialet som underbyggjer overholdelsen i avtalevilkåra om at midlane er brukt i samsvar med opprinneleg budsjett i prosjektsøknaden, og eventuelle beslutningar som kan ha endra budsjettføresetnadene

Vi meiner at vår revisjon gjev eit forsvarleg grunnlag for vår uttale.

Flora kommune har fått innvilga kr 1 662 000,- til prosjekt lågterskel-tilbodet Loftet til rusavhengige. På grunn av at prosjektet starta opp i august 2011 blei det ikkje brukt meir enn kr 570 882,98 i 2011. Det er då overført til 2012 kr 1 094 137,10. Dette er i tråd med tilsagnsbrevet, der det går fram at det er gjeve eit tilskot på kr 1 665 000,- til kommunalt rusarbeid i Flora kommune over kap 763, post 61 på Statsbudsjettet for 2011.

Flora 30.3.2012  
  
KOMMUNEREVISJONEN I  
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Trine Vokuhl  
Kommunerevisor I

Regionskontor for kommunane:  
Flora, Askvoll, Bremanger  
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora  
Tlf. 57 75 60 97  
E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:  
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular  
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde  
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01  
E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)

Regionskontor for kommunane:  
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund  
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad  
Tlf. 57 78 85 47  
E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)



## 1 FLORA KOMMUNE (2012) - År/Periode 2011 1 - 12

30.03.2012

	Regnskap 2011	Buds(end) 2011	Regnskap 2010	Buds(end) 2010
<b>Tenester: 501610 RUSPROSJEKT</b>				
10101 FAST LØN TIL FAST TILSETTE	233.717,15	0	0,00	0
10901 PENSJONSINNSKOT KLP	28.245,08	0	0,00	0
10991 ARBEIDSGJEVARAVGIFT	36.936,59	0	0,00	0
11001 KONTORMATERIELL	456,80	0	0,00	0
11002 KONTORUTGIFTER	761,60	0	0,00	0
11015 ABONNEMENT(AVISER/FAGTIDS	1.330,00	0	0,00	0
11151 INNKJØP MATVARER	3.711,55	0	0,00	0
11160 SERVERING VED MØTER OG UT	558,00	0	0,00	0
11180 MATSERVERING VED KURS/OPP	6.894,00	0	0,00	0
11201 ANNA FORBRUKSMATERIELL, R/	16.108,78	0	0,00	0
11220 REINHALDSARTIKLAR	2.313,41	0	0,00	0
11230 BØKE/TIDSSKRIFTER(IKKJE UND	3.431,00	0	0,00	0
11250 EINGONGSARTIKLAR MATVAREF	1.826,31	0	0,00	0
11291 VELFERDSTILTAK	3.107,30	0	0,00	0
11299 ANNA FORBRUKSMATERIELL, R/	1.973,60	0	0,00	0
11303 TELEFONUTGIFTER	5.810,73	0	0,00	0
11304 TELEFONUTGIFTER MOBILTELEF	437,40	0	0,00	0
11501 Opplæring, kurs	45.500,00	0	0,00	0
11503 OPPLÆRINGSTILTAK LEIARAR	1.859,26	0	0,00	0
11505 KURSAVGIFTER/HOTELLOPPHAL	6.336,60	0	0,00	0
11770 REISEUTGIFTER(IKKJE OPPG.PL	34.262,16	0	0,00	0
11771 REISEUTG MOT REF(IKKJE OPPG	7.271,30	0	0,00	0
11801 STRAUM	1.042,97	0	0,00	0
11910 LEIGE MØTELOKALER	1.500,00	0	0,00	0
11920 HUSLEIGER	27.082,70	0	0,00	0
12001 INVENTAR OG UTSTYR	16.447,69	0	0,00	0
12002 KONTORINNREDNING(BORD/STU	383,20	0	0,00	0
12003 EDB-UTSTYR	11.170,00	0	0,00	0
12009 ANNA UTSTYR/INVENTAR	2.306,00	0	0,00	0
12040 REINGJERINGSUTSTYR	1.786,75	0	0,00	0
12320 VEDLIKEHALD	4.108,00	0	0,00	0
12490 ANDRE INSTALLASJONER	20.097,20	0	0,00	0
13701 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	13.848,40	0	0,00	0
14291 Moms generell komp.ordning	28.241,45	0	0,00	0
15501 AVSETNINGER TIL BUNDNE FON	0,00	0	1.556.250,00	1.556
<b>Sum utgifter</b>	<b>570.862,98</b>	<b>0</b>	<b>1.556.250,00</b>	<b>1.556</b>
17090 ANDRE REFUSJONAR FRÅ STAT	-108.750,00	0	-1.556.250,00	-1.556
19501 BRUK AV BUNDNE FOND	-462.112,98	0	0,00	0
<b>Sum inntekter</b>	<b>-570.862,98</b>	<b>0</b>	<b>-1.556.250,00</b>	<b>-1.556</b>
<b>Sum tenester: 501610 RUSPROSJEKT</b>	<b>0,00</b>	<b>0</b>	<b>0,00</b>	<b>0</b>
<b>TOTALT</b>	<b>0,00</b>	<b>0</b>	<b>0,00</b>	<b>0</b>

Type inntekt/utgift	pr måned	pr år	merknader
---------------------	----------	-------	-----------

<b>Tilskot frå Helsedirektoratet</b>	<b>138760</b>	<b>1665000</b>	
--------------------------------------	---------------	----------------	--

Lønn ansatt 1	16646	199752	
lønn ansatt 2	29233	350796	
ferie	565	6780	
Pensjon	4519	54228	
Arbeidsgjevaravgift	7186	86232	
<b>Lønn totalt</b>	<b>58149</b>	<b>697776</b>	
<b>Lønn (tot) 50% arb.retta tiltak</b>		<b>264000</b>	

#### Kompetanse - tiltak

3 plasser "Appreciative Inquiry" Hibu		45000	
Innkjøp av fagbøker		3000	
Overnatting		12000	
Reise		35000	fly, buss, tog t/r
Andre seminarer/fagmøter regionalt		10000	
<b>Sum fag-/kompetanseutgifter</b>		<b>105000</b>	

#### Lokaler Strandgata 25 - Loftet

leigeavtale 15.8.11-15.8.12	6700	80000	Aktiv på dagtid skal dekke
Oppvarming	2500	30000	
Reparasjoner/tilpasninger	800	10000	
Kjøp av innbo/utstyr	1700	20000	
<b>Sum utgifter lokaler</b>		<b>140000</b>	

#### Aktiviteter

Transport ved oppfølging	1000	12000	
Netto mat o.l på huset	2000	24000	Deltakerne betaler litt for n
Reise med deltakerne	10000	10000	Skaffe midler fra friv. org.
aktivitetsutstyr		6000	
utgift til lønn felles-/individuelle aktiviteter		60000	

<b>Sum aktiviteter</b>		<b>112000</b>	
------------------------	--	---------------	--

<b>Total sum kostnader prosjektdrift</b>		<b>1319000</b>	
--	--	----------------	--

noe

nat/kaffe  
- 1 årlig reise

## ”Ein stad å vere, ein stad å lære”

### Bakgrunn for prosjektet

Flora kommune er ein kommune med store utfordringar når det gjeld rusproblematikk. For Nav-kontoret er arbeidet med brukarar som har eit begynnande eller langtkomen rusmisbruk ei prioritert oppgåve, og ei oppgåve som krev mykje tid. Samstundes ser vi at dagens organisering og metodikk ikkje er tilstrekkeleg for å gje desse brukarane den oppfølging som skal til for å nå målsettingane i Lov om sosiale tenester av 1991, §6-1 og nav sine målsettingar om å bidra til at brukarar aukar deltaking og arbeidsretta aktivitet. Vidare er det ei utfordring for kommunen å utvikle eit meir heilskapleg arbeid og samarbeid på rusfeltet. Det er ønskjeleg å utforske andre måtar å følgje opp denne brukargruppa på, og å utvikle vår kunnskap på området.

#### ”§ 6-1. Hjelpetiltak.

Gjennom råd, veiledning og hjelpetiltak, jf. §§ 4-1 og 4-2, skal sosialtjenesten hjelpe den enkelte til å komme bort fra misbruk av alkohol og andre rusmidler. På tilsvarende måte skal det gis råd, veiledning og hjelp til vedkommendes familie.

Når det er behov for det og klienten ønsker det, skal sosialtjenesten bistå med å etablere et behandlingsopplegg. Dette opplegget kan blant annet omfatte oppnevning av støttekontakt, etablering av støtteopplegg på arbeidsplassen, andre tjenester etter denne loven og kontakt med primærhelsetjeneste og spesialisthelsetjeneste.

Kan behovet for egnet institusjonsplass ikke dekkes, skal sosialtjenesten om nødvendig sørge for midlertidige tiltak.

Sosialtjenesten skal følge opp klienten i behandlingsopplegget gjennom samtaler og om nødvendig hjemmebesøk, og ved å legge til rette nødvendige tiltak ved avslutningen av et eventuelt institusjonsopphold.

Sosialtjenesten skal utarbeide tiltaksplan for rusmiddelmissbruker som er i institusjon etter vedtak med hjemmel i §§ 6-2 eller 6-2a. Kongen kan gi forskrifter om innholdet i tiltaksplanen.

Lov om sosiale tenester av 1991

#### Opptappingsplanens fem hovedmål:

1. tydeligere folkehelseperspektiv

2. bedre kvalitet

3. økt kompetanse

4. mer tilgjengelige tjenester og økt sosial inkludering

5. mer forpliktende samhandling

6. økt brukerinnsflytelse og bedre ivaretagelse av barn og pårørende.

”Opptappingsplanen for rusfeltet (2007-2010)”

### Prosjekt-beskrivelse

Prosjektet skal vere eit tilbod med låg terskel og retta mot personar som står i fare for eller allereie har utvikla eit alvorleg rusmisbruk, og som ønskjer hjelp til å endre sin situasjon. Vi skal jobbe tett på enkeltbrukarar, på ulike arenaer, som tillitspersonar og på brukar sine premisser. Arbeidet skal bidra til at brukarane i større grad kan dra nytte av naudsynnte offentlege tenester, og kan auke meistring og aktivitet på områder som er viktige for den enkelte. Vi skal legge til rette for aktivitetar i eller med gruppa, som kan bidra til at deltakarane drar nytte av kvarandre og kjenner tilhørigheit til. Vi skal også jobbe systemretta, ved å samarbeide med, og påvirke andre instansar som har kontakt med eller oppfølging av brukarar i same målgruppe. Prosjektet skal bidra til å auke kunnskap og utvikling av metodisk arbeid på feltet lokalt. Lokalene vi disponerer, ”Lofet”, vert ein møtestad og senter for prosjektet.

## Tilnærming og metodar

Det er mange vegar som fører oss til Roma. Eit prosjekt skal vere ein arena for utprøving og leiting etter betre måtar å følgje opp målgruppa frå Nav si side. Prosjektet skal vere eit tilbod med låg terskel. Med låg terskel, meiner vi at brukarane enkelt og på kort varsel skal kunne nå prosjektmedarbeidarane, og dei skal ha hyppig kontakt og oppfølging ved trong for det.

Tankar styrer handlingane våre, og ei bevisst haldning til kva tankar som skal styre praksis i dette prosjektet, vil gje retning for korleis vi planlegg og gjennomfører aktivitetar. Det vil og styre korleis vi former vår rolle som hjelparar og korleis vi samtaler og samhandlar med brukarane. I prosjektet baserer vi oss på eit positivt menneskesyn der vi ser kvar person som unik, i utvikling og som ekspert på eige liv. For å omsette dette i handling, vil vi nytte Appreciative Inquiry eller anerkjennande samtaler som tilnærming og metodikk i oppfølging av brukarane i prosjektet. Vi vil og nytte metodikken innad i prosjektgruppa. "Anerkjennande samtaler" eng: appreciative inquiry) kan beskrivast som følgjer:

*"som tilnæringsmåte til personlig utvikling og endringer i organisasjoner har AI som en grunnleggende antagelse at spørsmål som bidrar til samtaler om styrker, suksesser, verdier, håp og drømmer i seg selv frambringer endringer. Ordet appreciate kan oversettes med anerkjennelse og henviser til evnen til å legge merke til det beste i folk og i organisasjoner. Inquiry handler om å undersøke, oppdage og lære gjennom å stille positive spørsmål."*  
(ref: program for Nav sin mulighetskonferanse 2010).

Denne tilnærminga samsvarar godt med at prosjektmedarbeidarane skal fungere som "tillitspersonar" overfor brukar. Helsedirektoratet (2009) def. begrepet slik:

*"Tillitspersonene skal være en brobygger på tvers av ulike tjenester og etater og har rollen som et koordinerende bindeledd mellom bruker og tjenesteyter(e). Tillitspersonene skal møte brukerne på deres egne premisser og løse dem gjennom tjenesteapparatet. Målet er å følge den enkelte tett opp og bistå brukerne med å få tjenester som de har behov for og lovmessig rett til."* (Jfr. Rambøll: Delrapport 1, Helsedirektoratet, Nov 2009.).

## Begrunnelse

*Formålet med ordningen er oppbygging av kapasitet innen kommunalt rusarbeid for å gi et bedre grunnlag for at mennesker med rusproblemer får et helhetlig, tilgjengelig og individuelt tilpasset tjenestetilbud.*

*"Opptrappingsplanen for rusfeltet (2007-2010)"*

## Hovedmålsettingar:

1. Prosjektet skal bidra til å gje deltakarane høve til å påvirke eigen livssituasjon, og til å auke meistring innan eit eller fleire av livsområdene helse, bustad, økonomi og arbeid/aktivitet.
2. Prosjektet skal, gjennom tett oppfølging av den enkelte deltakar, bidra til at han/ho får betre tilpassa og samordna tenester.
3. Prosjektet skal bidra til at vi aukar kunnskap og utviklar det metodiske arbeidet på feltet lokalt, og at modellen i prosjektet, dersom den gir positive resultat i høve målsettingane, vert vidareført som varig ordning.

## Forutsetningar for å nå måla

Prosjektmedarbeidarane må få tidsressursar nok, gjennom fyrste prosjektår, men særleg i fyrste fase (2011) til å utforske arbeidsmåtar, rolla som tillitsperson, og arbeidsmåtar med deltakarane som gruppe.

Metodeutprøving, erfaringar, samt tilbakemeldingar frå deltakarane/andre, må drøftast og skriftleggjerast kontinuerlig, som del av og grunnlag for evalueringsprosessen.

Samarbeidspartar i offentlege instansar og frivillige organisasjonar involverast i prosjektets målsetting om kunnskaps- og metodeutvikling i arbeid lokalt med målgruppa.

Samarbeidet mellom Rus-team i Nav Flora og prosjektet (prosjektilsette) bør vere tett, både i høve oppfølging av enkeltbrukarar, systemretta utviklingsarbeid og som ein arena for fagutvikling på rusfeltet.

Det må søkjast midlar for vidareføring av prosjektet for 2012 og 13.

### 1.1 Resultatmål

Resultatmål betyr her: Det som vi skal gjennomføre eller oppnå i prosjektet.

Resultata bør kunne beskrivast eller målast når prosjektperioden er gjennomført.

1. Den teoretisk tilnærminga og metodikken i ”anerkjennande samtaler” (Appreciative Inquiry) skal prøvast ut i prosjekt-periodens fyrste fase (2011), og ligge til grunn for arbeidet i prosjektgruppa og arbeidet med brukarane gjennom heile prosjektet.
2. Majoriteten av deltakarane skal ha fått utarbeidd og brukt individuell plan som verktøy under prosjektdeltaking.
3. Deltakarane skal ha fått jamnleg og målretta oppfølging frå prosjektilsette/relevante andre offentlege instansar under deltakingsperioden i prosjektet
4. Det skal ha vore tilrettelagt for situasjonar som kan fremme opplevingar av meistring og håp om endring av situasjon. Dette gjeld både enkeltbrukarar og deltakarane som gruppe.
5. Prosjektet skal i fyrste fase (2011) ha prøvd ut nokre aktivitetar med deltakarane som gruppe, aktivitetar som også stetter den enkeltes målsettingar.
6. Relevante samarbeidspartar er godt kjent med prosjektets målsettingar, og er i god dialog med oss i høve brukarar, for utvikling av kunnskap og utveksling av erfaringar.
7. Prosjektet skal evaluerast planmessig.



### **Organisering og styring**

Prosjekteigar er Nav Flora ved leiar. Denne har personalansvaret for dei tilsette i prosjektet. Prosjektleiar er tilsett i Nav og har ansvar for dagleg drift og framdrift av prosjektet, for fagleg innhald og utvikling i tråd med prosjektbeskrivnad. Prosjektleiar har også ansvar for at arbeidsinnhald og arbeidssituasjonen til prosjektmedarbeidarane er i tråd med prosjektbeskrivnad og/eller bestemmelser teke i styringsgruppa. Prosjektmedarbeidarane vil gjennomføre et studie i "Anerkjennande samtaler" ved Høyskolen i Buskerud i perioden 31.8.11- .2.2012.

Hovud-oppgåvene tillitspersonane har overfor brukar og mellom brukar og det øvrige hjelpeapparatet vil kunne vere:

- Kartleggje brukar sin målsetting for deltaking i prosjektet, og ved AI-metodikk.
- Saman med brukar utarbeide plan for aktivitet og oppfølging. Dersom deltakar ønskjer IP:
- Bidra i/til utarbeiding av IP, vere koordinator og eventuelt bidra til at denne vert nytta som eit aktivt verktøy i oppfølging.
- For deltakarar som er under LAR, følgje opp brukar i tråd med eksisterande plan.
- Bistå brukarar praktisk og i samtaler, i brukar sin heim eller på lokalene/andre stader, slik at dei oppnår ønska livs-/bu-situasjon.
- Ha tett kontakt med relevante instansar i oppfølging av brukar
- Saman med brukarar planleggje og gjennomføre (gruppe-) aktivitetar som stettar målsettingar i prosjektet.
- Informasjonsarbeid retta mot relevante instansar.

Nav Flora melder inn nye deltakarar til prosjektet. Nye deltakarar vert teke inn etter vurdering av ønskje om deltaking og trong for oppfølging, samt kapasitet i prosjektet. Prosjekttilsette og rusteamet, inklusive Nav-leiar ved Nav Flora skal møtast 1 fredag kvar månad for faglege drøftingar vedkomande temaet rusmisbruk og prosjektet generelt eller for drøftingar/inntak/avslutning av deltakarar.

### **Styringsgruppe:**

Nav- Leiar Unni Furnes, Prosjekt-leiar Kari Witzøe, Teneste-leiar Helse i Flora kommune v/Anita Norstrand, Kriminalomsorg i frihet v/Ann Merete Ødven.

### **Styringsgruppa sitt mandat og møteverksemd:**

Mandat: Ha den overordna styringa av prosjektet.  
Godkjenne budsjett og økonomi  
Godkjenne/drøfte viktige veival i prosjektet.

Gruppa møtast 3 gonger kvart halvår, eventuelt når 1 medlem i styringsgruppa vurderer at det er behov for møte. Det skal sendast ut innkalling til møter i god tid, og ligge føre ei sakliste med innkalling.

### **Prosjektleiar sitt mandat:**

Ansvar for dagleg og fagleg drift av prosjektet.

### **Personalressursar 2011:**

Prosjektleiar 100% still. frå 15.8.2011. Finansiert ved stillingsress. frå Nav Flora

Prosjektmedarbeidarar i 150% stilling frå 15.8.2011/01.09.2011. Finansiering ved prosjektmidlar. (Statleg tilskot for drift av prosjektet i 2011/1 år: kr 1 665 000,-).

#### **Andre ressursar**

**Lokaler:** Det er leigd lokale i Strandgata 25, 2.etg. i 1 år frå 1.8.2011. Lokalene består av 4 kontor, et fellesareale/gang, 1 større rom (ca 25 m<sup>2</sup>) med kjøkkenbenk, 1 terrasse på om lag 10 m<sup>2</sup>. Teneste for helse disponerer 1 kontor for tilsette i "aktiv på dagtid". Kostnadsdeling vert avtalt i etterkant. Det er lagt opp tlf- og datakabler, som sikrar at tilsette har tilgang til kommunalt internt nett, og kan også få tilgang til sikkert område på same, for programmet Velferd. Det større rommet skal nyttast av og med brukarar, og der kan planleggjast fellesaktivitetar. Det vert sett opp ein brukar-pc med skrivar i gang-arealet.

**Møblar og utyr:** Det er kjøpt inn noko nytt og noko brukt innbo, og ellers henta inn frå Nav og kommunale lager kontormøblar m.m. Prosjektet disponerer då kvitevarer til matlaging og vask av kjøkkenutstyr. Det må avtalast med anna kommunal instans tilgang til vaskemaskin for kjøkkenhåndkle og reinhaldsutstyr. Det er ikkje avklart kven som skal utføre reinhaldet av lokalene.

#### **Rammebetingelser, avhengigheter og avgrensninger**

1. Rammevilkår for tilskotet.
2. Opprettelsen av tiltaksteam under tenesteleiar for helse, Flora kommune, den 1.1.2012.
3. Oppstart 15. august -- gir lite evalueringsgrunnlag pr 31.12.2011.

#### **Vilkår for og rapportering til Fylkesmannen**

Tilskotet ytt til prosjektet gjeld 2011.

1. "Fylkesmannen føreset at tilskotet nyttast til aktivitetar som rettar seg mot måla i søknaden. Tilskotet er meint å skulle dekke utgifter til eit årsverk. Tilskotet er ikkje meint å skulle dekke utgifter til innkjøp av utstyr eller investeringar." Inkludert i tilskotet er kr 40 000,- som skal dekke kompetanseutviklingstiltak og samlingar."
2. Rapport og revisor-revidert rekneskap for 2011 skal sendast til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane innan 31.3.2012.
3. Tilskot som ikkje vert nytta i 2011 må innrapporterast innan 30.11.2011, og søknad om midlar for 2012 må søkjast om og søknadssummen skal inkludere unytta midlar frå 2011. (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane: brev av 30.09.2010).

Florø, den 6. september 2011

For Nav Flora/prosjektgruppa: Kari Witzøe, Prosjektleiar  
Referanser

*Helsedirektoratet (2009) "Følgeevaluering av tillitspersonforsøket. Delrapp1"*



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
v/Rita Haga Molvær  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Vår ref:

Vår dato: 30.11.11

## Informasjonsbrev til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Vi viser til Dykkar tilskotsbrev for kommunalt rusarbeid 2010/15131 – 720 av 15.08.2011, og vil informere fylkesmannen om kva midlar som vil nyttast innan 31.12.2011, kva sum vi ber vert overført til 2012, av dei totale midlar som vart innvilga og overført for 2010 og 2011; til saman kr 1 665 000,-.

Nav Flora/Flora kommune starta medio august opp lågterskel-tilbodet Loftet til rusavhengige.

*«Prosjektet skal vere eit tilbod med låg terskel og retta mot personar som står i fare for eller allereie har utvikla eit alvorleg rusmisbruk, og som ønskjer hjelp til å endre sin situasjon. Vi skal jobbe tett på enkeltbrukarar, på ulike arenaer, som tillitspersonar og på brukar sine premisser. Arbeidet skal bidra til at brukarane i større grad kan dra nytte av naudsynte offentlege tenester, og kan auke meistring og aktivitet på områder som er viktige for den enkelte. Vi skal legge til rette for aktiviteter i eller med gruppa, som kan bidra til at deltakarane drar nytte av kvarandre og kjenner tilhøyrighet til. Vi skal også jobbe systemretta, ved å samarbeide med, og påvirke andre instansar som har kontakt med eller oppfølging av brukarar i same målgruppe. Prosjektet skal bidra til å auke kunnskap og utvikling av metodisk arbeid på feltet lokalt. Lokala vi disponerer, «Loftet», vert ein møtestad og senter for prosjektet.» (jamfør prosjektbeskrivnad av «Loftet»).*

### Hovedmålsettingar:

1. *"Prosjektet skal bidra til å gje deltakarane høve til å påvirke eigen livssituasjon, og til å auke meistring innan eit eller fleire av livsområda helse, bustad, økonomi og arbeid/aktivitet.*
2. *Prosjektet skal, gjennom tett oppfølging av den enkelte deltakar, bidra til at han/ho får betre tilpassa og samordna tenester.*
3. *Prosjektet skal bidra til at vi aukar kunnskap og utviklar det metodiske arbeidet på feltet lokalt, og at modellen i prosjektet, dersom den gir positive resultat i høve målsettingane, vert vidareført som varig ordning." (jamfør prosjektbeskrivnad av "Loftet")*

NAV Flora //  
Postadresse: Hans Blomgt.39 // 6900 FLORØ

Besøksadresse: Hans Blomgt.39 // Florø  
Tel: 57015100 // Faks: 57015101

www.nav.no // nav.flora@nav.no

Med grunnlag i faktisk innvilga tilskot til etablering og drift av eit prosjekt retta mot rusavhengige i Flora kommune, (jmfør ovannemnde tilskotsbrev av 15.08.2011), vart målsettingar og innhald i prosjektet avgrensa til tett individuell oppfølging ved miljøarbeid, og aktivitet og oppfølging individuelt og i gruppe ved bruk av lokale som prosjektet disponerer.

**Midlar som vert ståande unytta pr 1.1.2012:** **kr 1 140 000,-.**

Oversikt over disponering av tilskotsmidlar i 2011, og pr 31.12.2011:

**Lønn og kompetansetiltak:**

Lønn og sosiale utgifter 15.8-31.12.2011:	kr 285 000,-	
Opplæring og kompetanseutviklingstiltak (høgskule):	kr 75 000,-	
(Studieavgift, 3 studiesamlingar m/reise & opph. - 3 tilsette)		
<u>Sum kostnader 2011 for posten:</u>	<u>kr 360 000,-</u>	kr 360 000,-

**Deltakar-aktiviteter, samt fagleg Sam-/informasjonsarbeid:**

Inventar og utstyr (knytt til aktivitet & samhandl. på Loftet)	kr 15 000,-	
Aktiviteter deltakarar og informasjons-/samarbeid med andre instansar:	kr 15 000,-	
Utgiftar til mat og drikke 4,5 måneder	kr 12 000,-	
Bruker-pc, skrivar, musikk-anlegg, avis-abonnement 1 år	kr 8 000,-	
<u>Besøk til Stord:</u>	<u>kr 17 000,-</u>	
<u>Sum kostnader 2011 for posten</u>	<u>kr 67 000,-</u>	kr 67 000,-

**Drift av huset:**

husleige 15.8-31.12:	kr 25 000,-	
straum 15.8-31.12	kr 10 000,-	
Tilpasning av lokala (snekkar, rørleggjar, elektrikar):	kr 15 000,-	
IKT - Installering/kjøp av linjer/utstyr IKT, mv.	kr 30 000,-	
<u>Anna ("moms generell komp.ordning):</u>	<u>kr 18 000,-</u>	
<u>Sum kostnader 2011 for posten:</u>	<u>kr 98 000,-</u>	kr 98 000,-

**Sum kalkulert nytta tiltaksmidlar i 2011 og pr 31.12.2011** **kr 525 000,-**

**Merknader til utgifter til lønn og kompetansetiltak**

Det er lagt til grunn høgare kostnader på kompetansetiltak enn kva Fylkesmannen har lagt til grunn i ovannemnde tilskotsbrev. Kostnadane er då i hovudsak knytta til eit studie (15 studiepoeng) ved Høgskulen i Buskerud, samt reise- og overnattingskostnader i samband med 4 samlingar og gjennomføring av eksamen for 3 tilsette i prosjektet. Desse tre har brei erfaring i arbeid med målgruppa, men har ulik utdanning, og manglar vidareutdanning i rusrelatert arbeid. Vi har eit mål om å utvikle ei fellesfagleg plattform i prosjektet, der vi nyttar anerkjennande samtaler og styrkebaserte tilnærmingar i det utviklingsarbeidet som er skissert. Dette er beskrive som eit mål i prosjektet, (jmfør vedlagde prosjektbeskrivnad) og vil ikkje berre vere til nytte i metodeutvikling, og i direkte

arbeid med brukarane, men og lette evalueringsarbeidet undervegs og i etterkant. Det er vidare planen at dersom vi finn at tilnærming og metode er nyttig i eit heilskapleg arbeid med brukargruppa, og ønskjeleg frå andre som arbeidar på rusfeltet lokalt, så vil vi bidra til at fleire tek desse i bruk. Soleis er denne kompetanse-satsinga i tråd med hovudmåla i Opptappingsplanen om å bidra til at kommunane får til betre kvalitet og auka kompetanse, samt auka brukarmedverknad, noko vi meiner sikrast gjennom valgt tilnærming og metode. Jmfør brev «*Kunngjøring- tilskudd til kommunalt rusarbeid over statsbudsjettet kap. 0763 post 61 for 2010*».

Det er budsjettert med totalt 105 000,- på kompetanseutgifter for 3 tilsette i 1 år. Studiet avsluttast med eksamen i februar, og hovuddelen av midlane er nytta allereie i 2011. Tilsette har i tillegg delteke på Lar-seminar hausten 2011, og har arrangert fagleg dag for lokale relevante instansar og organisasjonar, samt nokre frå nabokommunar/fylket. Utgifter til sistnemnde arrangement er dekkja av prosjektet, og ligg under punktet ".....fagleg sam- og informasjonsarbeid med andre instansar» nede på sida.

Lønnskostnadar dekker for 2011 1,5 årsverk. På årleg basis er det rekna ei total utgift på 698 000,-til føremålet for stillingane som dekker dette. I tillegg vil Nav Flora snarleg etter nyttår auke stillingsprosent i prosjektet med opp til 50% for å auke kapasitet i tett oppfølgingsarbeid og starte tilbod om arbeidsretta aktivitet tilpassa målgruppa.

#### **Merknader til utgifter for leige og drift av lokaler (Lofet)**

Lofet er tilbod om ein stad å vere, som og tilbyr tilhørigheit til eit fellesskap med andre som ønskjer positiv endring, kontakt og aktivitetar saman med andre, høve til å få og tilberede mat, ete i lag med andre, og tilgang til pc og avis. I tillegg kan samtalar med tillitspersonen i prosjektet og deira kontaktperson gjerast på Lofet. Slik er aktiviteten og tilbodet på Lofet meint å understøtte det tette individuelle oppfølgingsarbeidet som miljøarbeidar gjer overfor og saman med deltakarane. Utvikling av deltakarmedverknad ved styrkebasert tilnærming og metodikk er like viktige i dei oppgåver og aktivitetar som skjer i grupper og individuelt på Lofet, som elles i prosjektet. Vi viser og til vår søknad om midlar til prosjektet av 2010, der eit fleirbrukshus og aktivitet i dette er skissert. Aktivitet på Lofet beskrivast meir utfyllande i punktet om aktivitetar og samarbeid nede. Når det gjeld kostnadane for leige og drift av lokala, er leige på årleg basis sett til 65 000,-, og i tillegg kjem utgifter til straum kalkulert til 30 000,- årleg. Utgifter hausten 2011 er langt høgare enn desse utgiftene, noko som skuldast installering og kjøp av naudsynt IKT-utstyr og tilpassing av lokala.

#### **Merknader til utgifter for deltakar-aktivitetar, og fagleg informasjons- og samarbeid med andre instansar og organisasjonar**

